

1    **Nytt prinsipprogram - innstilling frå styret til landsmøtet 2022**

2  
3    **Føremål**  
4    *Noregs Mållag skal fremja nynorsk på alle område i det norske samfunnet, slik at nynorsk blir  
5    meir brukt i heile Noreg. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna tala dialekten sin.*  
6

7    **Grunnlag**  
8    *Ivar Aasen bygde det nynorske skriftspråket på dei norske dialektane for å gje alle tilgang til  
9    skriftkulturen og høve til å ta del i folkestyre og samfunnsliv.*

10    *Det nynorske skriftspråket er ein umissande del av den språklege og kulturelle arven for alle  
11   som bur i Noreg, og det daglege bruksspråket til ei stor gruppe innbyggjarar.*

12    *Det er ei viktig internasjonal oppgåve å ta vare på dei mange språka som er under press frå  
13   språk med fleire eller mektigare brukarar. Noregs Mållag ser arbeidet for nynorsk som del av  
14   ei brei internasjonal rørsle for å tryggja og styrkja utsette språk.*

15    **Samfunnsberande språk**  
16    *Språkbruken og språkpolitikken til staten er heilt avgjerande for språkstoda i samfunnet.  
17   Styresmaktene har ansvar for å tryggja og styrkja nynorsk som samfunnsberande språk.*

18    *Nynorsk må haldast ved like og styrkast i dei områda av landet der nynorsk i dag er mykje i  
19   bruk. Styresmaktene må syta for at det er like enkelt å bli, og å halda fram med å vera  
20   nynorskbrukar i heile landet.*

21    *Norsk skal halda fram med å vera det samfunnsberande språket i Noreg, også på områda der  
22   engelsk held på å ta over. Alle skal ha rett til å nytta norsk språk i norsk skule og arbeidsliv.*

23    *Vi må kunna bruka nynorsk og talespråket vårt i alle digitale samanhengar. Nynorsk skal  
24   vera likestilt med bokmål i den digitale språkutviklinga.*

25    **Dugleik og fellesskap**  
26    *Alle som bur i Noreg, har rett til å ta del i den nynorske språkfellesskapen. Å kunna nynorsk er  
27   ein føresetnad for fritt å kunna velja mellom nynorsk og bokmål. Alle elevane skal ha rett til  
28   fullgod opplæring i og på nynorsk.*

29    **Talemål**  
30    *Det er ein demokratisk rett å kunna bruka sitt eige talemål. Dei norske dialektane er det  
31   historiske grunnlaget for nynorsken. Dialektbruk er akseptert og normalt i dei fleste  
32   samanhengar, men dialektmangfaldet er like fullt under press. Noregs Mållag forsvarar  
33   dialektar og dialektbruk. Noregs Mållag står bruk av normert nynorsk tale.*

34    **Mindretalsspråk**  
35    *Noregs Mållag står mindretals- og minoritetsspråkbrukarar sin kamp for språklege rettar og  
36   står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfald i Noreg. Det  
37   gjeld særleg dei samiske språka, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.*

- 48 **Noregs Mållag og prinsipprogrammet**
- 49 *Medlemene i Noregs Mållag legg prinsipprogrammet til grunn for arbeidet. Noregs Mållag er*
- 50 *partipolitisk ubunde, men kan ta stilling i einskildsaker og samarbeida med andre*
- 51 *organisasjonar når det tener målsaka.*